

Notat

Dato: 04.03.2016
Arkivsak: 2016/2837-1
Saksbehandlar: oydziem

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmann

Svar på spørsmål vedk. minoritetsspråklege elevar

Fylkesrådmannen viser til spørsmål frå Silje Hjemdal i Fylkesutvalet 24. februar:

«Den ekstraordinære asyl- og flyktningesituasjonen som Norge står ovenfor, innebærer at også Hordaland fylkeskommune (HFK) må ta sin del av ansvaret. Dette vil i hovedsak bety at HFK må gi forsvarlig opplæringstilbud innen videregående opplæring.

Mange kommuner i Hordaland har nå behandlet politiske saker om bosetting av flyktninger. Et eksempel er bl.a. Bergen kommune, som har vedtatt å bosette 160 enslige mindreårige i 2016 og 2017 250 stk. Dette er utenom ungdom i skolealder på ordinære og midlertidige asylmottak. Dette vil bety at svært mange av disse ungdommene kvalifiserer og har rett på videregående opplæring. Hvordan vil HFK legge til rette og dimensjonere for dette på kort og lang sikt?

Kan fylkesrådmannen gi fylkesutvalget **en skriftlig orientering** til neste fylkesutvalg?"

Opplæringstilbud i den vidaregåande skulen for minoritetsspråklege elevar

Hordaland fylkeskommune har i fleire år hatt eit breitt og godt tilbod til minoritetsspråklege elevar. For å få plass i vidaregåande skule må ein ha godkjent grunnskuleutdanning og lovleg opphald i Norge. Den aktuelle søkjargruppa har rett til å kome direkte inn i ordinære Vg1- kurs, men dei aller fleste søker seg til innføringskurs for minoritetsspråklege elevar. Ved dette kurset får ein norskopplæring, men også undervisning i dei vanlege basisfaga som t.d. matematikk.

Dei siste åra har det vore fleire utdanningssøkande frå Aust-Europa enn flyktningar og asylsøklarar til innføringskurser. Hordaland har kvart år gitt tilbod om plass til alle som søker med opplæringsrett, sjølv om dei kjem til landet etter den formelle søknadsfristen 1. februar.

Hordaland har innføringskurs i alle regionar. I Bergen er det fem skular som har dette tilbodet. Elles i fylket er det, eller er det planlagt, innføringskurs på Stord, Voss, i Kvinnherad, Øystese og Odda.

Fylkesrådmannen er budd på at det kan bli behov for å opprette fleire klassar frå hausten 2016, særleg i Bergen og på Stord. Det kan også bli naudsynt å opprette slike tilbod i andre område av fylket, m.a. Fusa/Os, Nordhordland og Sotra.

Om kort tid vil søkjartala til innføringskursa vere klåre. Dette vil likevel vere førebels tal fordi det svært truleg kjem fleire kvalifiserte søkjarar utover våren/sommaren. Nokon svært stor auke i søkjartalet til innføringskurs ut over dei som er registrerte pr. 1.mars, vil ein truleg ikkje få fordi dei som kjem seinare, som oftast må få grunnskulekompetanse før dei kan søkje vidaregåande opplæring. Fylkesrådmannen er likevel budd på alle eventualitetar. Kvalifiserte søkjarar vil få plass ved våre skular heilt opp til skulestart, og i nokre høve også etter skulestart. I inneverande skuleår har ein ledig kapasitet ut frå godkjent klassestruktur, særleg i Bergen.

Fylkesrådmannen har god kontakt med kommunane om trongen for elevplassar, særleg for innføringskursa. Pr. i dag er det likevel slik at heller ikkje kommunane har god oversikt over kven det er som har kompetanse til å starte opp i vidaregåande skule.

Konklusjon: Fylkesrådmannen vil følge søkjargrunnlaget for dei minoritetsspråklege elevane nøye dei neste månadene. Nye innføringsklassar vil måtte opprettast dersom det blir behov både i Bergen og resten av Hordaland. Fylkesrådmannen trur likevel at det vil bli meir behov for auke av innføringsklassar i 2017 enn i 2016.